

Referat styringsgruppa 7. møte

Dato: 18. mai 2017
Vertskap: Haram kommune
Stad: ID-huset, Brattvåg
Tidsramme: 8.30 – 14.30
Deltakarar:

Kommune	Medlemmar i styringsgruppa	Rådmenn	Tillitsvalde og HVO
Haram	Vebjørn Krogsæter (ordfører) Randi W. Frisvoll (varaordfører) Ewa Hildre Emil Korsnes Svein Harsjøen	Turid Hanken	Endre Hellandsvik - UDF/Unio
Sandøy	Oddvar Myklebust (ordfører) Stein I. Skogen (vara for Bakke) Hildegard Maier Jessica Gärtner	Kim André Breivik (konstituert)	Laila Alvestad - Fagforbundet/LO
Skodje	Dag Olav Tennfjord (ordfører) Geir Ove Leite (varaordfører) Kari Grindvik Terje Vadset Modolf Hareide	Bente Glomset Vikhagen	Ramona Pilskog - Delta/YS
Ørskog	Knut Helge Harstad (ordfører) Geir Peter Aure (varaordfører) Olav Kjetil Sjøholt Arne Abelsest Gert Rietman	Synnøve Vasstrand Synnes	Geir J. Skodje - UDF/Unio
Ålesund	Eva Vinje Aurdal (ordfører) Tore Johan Øvstebø (varaordf.) Øystein Tvedt (frå kl. 12) Geir Stenseth, Ålesund Anne Kristin Bryne	Astrid Eidsvik	Lindis Dalebø - Fagforbundet/LO
			Lars Marius Rindal
Meldt forfall	Åse Kristin Ask Bakke, Sandøy Espen Myklebust, Sandøy		

Prosjektteamet	Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem Demokratirådgjevar Mads Solberg
Andre	Kommunikasjon: Christine Rørvik Delprosjekt kartlegging interkommunalt samarbeid: Tore Hals (presentasjon) og Hilde Sørland

- Leiar av styringsgruppa Eva Vinje Aurdal ønskte alle velkomne.
- Styringsgruppa godkjende møteinnkalling og møtereferat 6. styringsgruppemøte. Referat og presentasjonar er sendt ut 25.4. – [lenke møtereferat](#).

39/17 Referatsaker

Leiar av styringsgruppa orienterte om status sidan sist styringsgruppemøte:

1. Info-skriv 2 frå Fylkesmannen m.m. 24.4. - [lenke](#)
2. KMD/KS-samling på Lillestrøm og Flesland veke 18 – [lenke presentasjonar](#)
3. Første felles møte med fagforeiningane 21.4. – [lenke møtereferat](#)
4. Informasjonsbrev alle tilsette utsendt 26.4. - [lenke](#)
5. Felles nettside nyealesund.no lansert 27.4. – [lenke nyheitssak](#)
6. Tilsettingsutval for rekruttering av rådmann er konstituert 3.5.
2-3 aktuelle tilbydarar, eksterne rekrutteringsbyrå, presenterer seg for tilsettingsutvalet 24. mai.
7. Arbeidsutvalet hadde møte 3.5. – [lenke møtereferat](#). Referatet er også vedlagt.

Styringsgruppa tok referatsakene til orientering.

40/17 Endeleg kartleggingsrapport interkommunale samarbeid

Styringsgruppa nedsette 19.1.17 ei arbeidsgruppe for å kartlegge det interkommunale samarbeidet. Arbeidsgruppa har bestått av ein administrativ representant frå kvar kommune, prosjektkoordinator og Tore Hals. Endeleg rapport «*Hopehav – kartleggingsrapport om interkommunalt samarbeid og eigarskap*», m/tabelloversikt, blei overlevert AU 2.5.17 og er publisert på nettsida – [lenke](#).

Rapporten er ei kartlegging av eksisterande samarbeid, og *ikkje ei vurdering* av kva som bør halde fram og kva som bør bli avslutta. «Hopehav» er eit verkty og oversikt som grunnlag for fellesnemnda si vurdering av framtidig samarbeid. Samarbeida er registrert i kategoriar ut frå det formelle grunnlaget samarbeida er etablert etter. Rapporten gir ei oversikt over rammene som gjeld for samarbeid etablert med heimel i lov. Rapporten ser på høvet for styring og politisk kontroll ut frå kva type samarbeidsform som blir vald og nemner forhold omkring offentlegheit. Avslutningsvis er det trekt fram ulike kriterier for vidare vurdering.

Tore Hals presenterte kartleggingsresultata på vegne av gruppa. Presentasjonen ligg ved referatet. Styringsgruppa ga deretter tilbakemeldingar på kartleggingsresultatet. Delprosjekt Interkommunalt samarbeid – kartlegging er med dette avslutta.

Vedtak:

Styringsgruppa tek til orientering dokumentet «*Hopehav – kartleggingsrapport om interkommunalt samarbeid og eigarskap*» slik det er lagt fram av arbeidsgruppa 2.5.17.

Kartleggingsrapporten blir sendt over til fellesnemnda som grunnlag for vidare arbeid og til samarbeidskommunane til orientering.

41/17 Status delprosjekt 11: Politisk organisering, demokrati og medverknad

Demokratirådgevar Mads Solberg orienterte om framgangen i arbeidet med delprosjekt 11: Politisk organisering, demokrati og innbyggjarmedverknad (jf. sak 31-32/17). Kvar kommune må melde inn namn på to politiske og ein administrativ representant i prosjektgruppa. Dei fleste kommunane har allereie peika ut representantar, dei siste namna vil bli klare når kommunestyremøta i mai er avvikla. AU peikar ut politisk leiar av delprosjektet.

Styringsgruppa vedtatt å delta i to relevante nasjonale prosjekt om innbyggjarinvolvering: KMD-prosjektet «*Fornyelse av lokaldemokratiet i kommunar med vedtak om samanslåing*», samt KS «*Lokaldemokratiundersøkelse 2017*». Det blei gitt ei orientering om status i desse. Det er sendt over felles sak til kvar av kommunestyra, og deltaking i begge prosjekta skjer på vilkår av at alle fem kommunane vedtek å delta (veke 19 og 20). Prosjektet for nye Ålesund kommune dekkjar utgifter til deltaking i begge prosjekta, slik at dei enkelte kommunane sitt budsjett ikkje vert belasta for å vere med.

Dei ti politiske representantane i delprosjekt 11 må melde seg på oppstartskonferansen for KMD-prosjektet «*Levande lokaldemokrati*» innan 22.5. Konferansen er på Lillestrøm 12-13.6.

Solberg gav også ei orientering om korleis KS Lokaldemokratiundersøkelse 2017 er organisert. Opinion og Norstat utfører telefonintervju blant innbyggjarane på vegne av KS. Intervju av dei folkevalde gjennomførast i kvar av kommunestyremøta i august.

Vedtak:

Styringsgruppa for nye Ålesund tek saka til orientering.

Kvar kommune peikar ut to politiske vararepresentantar til delprosjektet.

42/17 Oppdatering av intensjonsavtalen – ferdigstilling

Intensjonsavtalen som ligg til grunn for etablering av nye Ålesund kommune er inngått 15.6.16 mellom Ålesund, Sandøy og Skodje. Styringsgruppa starta eit oppdateringsarbeid 20.4., AU jobba vidare med innspela 3.5., og forslag til oppdatert utgåve vart deretter sendt kommunane. Det er fleire grunnar for oppdatering:

- Det er berre ordførarane i Ålesund, Sandøy og Skodje som har signert gjeldande intensjonsavtale. Hausten 2016 vedtok Ørskog å inngå i den nye kommunen, og i juni 2017 kjem Stortinget til å vedta at Haram også skal inngå. Det er behov for ei intensjonsavtale der alle fem kommunane har signert.
- Avtalen frå juni 2016 er eitt år gammal, og noko tekst og tal kan med fordel oppdaterast i samsvar med utvikling og nye opplysningar siste året. Det er også behov for språkvask.

Vi understrekar at dette ikkje er ei reforhandling, men ei oppdatering. Hensikta med oppdateringa er at avtalen som ligg til grunn for fellesnemnda sitt arbeid, og ligg på nettsida vår til 2020, inneheld minst mogleg utdatert eller uklar tekst og er signert alle ordførarane. Kvar ordførar har lagt opp ein dialogprosess i eigen kommune før 18. mai for å få fram merknader før sluttbehandling, ikkje etter. Styringsgruppa ferdigstilte oppdateringsarbeidet i styringsgruppemøte 18.5.. Dei fem kommunestyra får no oversendt endeleg oppdatert utgåve til vedtak. Målet er at alle ordførarane signerer ei oppdatert utgåve i juni 2017.

Vedtak:

Styringsgruppa for nye Ålesund kommune er einige om oppdatert utgåve av intensjonsavtalen, etter ferdigstilling i styringsgruppemøte 18.5.

Den oppdaterte utgåva vert sendt kvart kommunestyre for endeleg vedtak.

Ordførarane har som mål å signere den oppdaterte utgåva av intensjonsavtalen etter Stortingsvedtaket 8.6.17.

43/17 Felles kommunestyremøte 21. juni - saker og arrangement

Stortinget fattar vedtak om nye Ålesund kommune 8.6.17 ut i frå Prop. 96 S (2016 – 2017) *Endringer i kommunestrukturen*. Fylkesmannen i MR vil kalle inn dei fem kommunane til felles kommunestyremøte 21.6.17 for å drøfte § 25 i inndelingslova (jf. punkt under). Det skal ikkje treffast vedtak i felles kommunestyremøte, møtet er av prosessleiande karakter. I forlenging av fellesmøtet (same dag), vert gjennomført separate kommunestyremøter der kvart kommunestyre formelt handsamar drøftingssakene. Sakene gjeld:

1. Forslag til namn på den nye kommunen
2. Talet på medlemmer i det nye kommunestyret
3. Kriterium for samansetjing av og funksjonar til fellesnemnd etter § 26 i inndelingslova
4. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda¹
5. Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga

¹ Inndelingslova (§ 26, 5. ledd) sitt krav om kontrollutvalet si innstilling ved val av revisor og kontrollutvalsekretariat, gjeld for den nye kommunen. Tilsvarande krav gjeld ikkje for verksemda i fellesnemnda, men kontrollutvala vil likevel handsame denne saka. Saka er sendt til kontrollutvalsekretariatet.

Det er viktig at dei fem kommunestyra har hatt tilstrekkeleg tid til å ha dialog om/diskutere sakene, og er omforeinte om framlegg til vedtak innan 21.6.17. Saksframlegg er derfor oversendt kvar kommune og ordførar og rådmann er bedt om å legge opp til dialogprosess i eigen kommune i mai/juni 2017.

Rådmann Synnøve Vasstrand Synnes presenterte innhaldet i saksframlegga og kvar ordførar fortalte om prosessen i sin kommune. [Lenke til ekstraordinært formannskap og bystyre i Ålesund 16. og 23. mai](#). Koordinator orienterer om sjølv arrangementet.

Denne figuren viser prosessen:



Vedtak:

Styringsgruppa for nye Ålesund kommune tek presentasjonane til orientering.

34/17 Utsatt sak frå 20.4. Prosjektorganisering og delprosjekt

Koordinator presenterte felles mal for mandat til delprosjekta, og styringsgruppa ga innspel til denne. Malen er vedlagt referatet. Malen vert sendt kvart delprosjekt der gruppene blir bedt om å foreslå mandattekst innanfor malen. Mandata vert endeleg vedtekne av fellesnemnda i august. Delprosjekta skal deretter utarbeide prosjektskisse for korleis dei vil løyse mandatet.

Mandata til dei ulike delprosjekta skal vere forankra i det overordna prosjektstyringsdokumentet «Slik bygger vi nye Ålesund». Tekst i oppdatert intensjonsavtale vert no innarbeidd i overordna styringsdokument som igjen legg føringar for delprosjekta.

Vedtak:

Styringsgruppa for nye Ålesund kommune tek presentasjonen til orientering.

Anne B. Støyva Emblem

referent